

Konfirmant- weekend

Alle konfirmantane er i utgangspunktet påmeldt på weekend, sidan det er ein del av opplegget.

Dei som IKKJE kan vera med, må gi beskjed innan tirsdag 26. august!

5. - 7. sept. 2025

Brandøy

ÉIN VIKTIG DATO:

NB! Avmelding:

innan tirsdag 26. august

på mail til

jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no

NB!

Ved avmelding utan gyldig grunn etter tirsdag 26. august, må ein betala kr. 500,-.

Betaling:

Innan tirsdag 26. august

**NB! Gi beskjed om de ynskjer delbetaling!
Sjå siste side her i programmet!**

Mail om romønske:

Innan tirsdag 26. august

Velkomen til Brandøy på Konfirmant-weekend 2025

Program for helga:

FREDAG 5. SEPTEMBER

17.00-17.15 ALLE møter på Sydnes

Me reknar med at de kan samordne køyring.

Dersom dette absolutt ikkje lar seg gjera, så ta kontakt.

NB! Ingen går om bord på ferja før de har blitt registrert på kaien!

17.30 Ferje frå Sydnes

18.05 Buss frå Utbjoa til Brandøy (ca 10 min)

----- Når me kjem fram tek alle bagasjen sin inn i foajéen og møter i møtesalen for innkvartering.

-> Send E-mail med ønske om kven du vil dele rom med til
ian.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no

før tirsdag 26. august!

19.00 Kveldsmat

20.30 Velkomst-samling med andakt, leik og moro
- *Etterpå er kiosken open*

23.30 Kveldsbøn - *Ei kort samling mot slutten av kvelden*

24.00 Me går til ro

LØRDAG 6. SEPTEMBER

08.30 På tide å stå opp!

09.00 Frukost

10.00-11.00 Undervisning

12.00 **Teambuilding** med ulike aktivitetar ute og inne

13.30 Lunch - *Etterpå er kiosken open*

14.30-16.30 Handelsspelet og info om Kirkens Nødhjelp

17.00 Tid for ulike fritidsaktivitetar

Innebandy eller Volleyball - Bordtennis

Ulike spel og aktivitetar i peisestova m.m.

18.30 Lørdagskos rundt middagsbordet

20.00 Den store konfirmantfesten **«Borte alene-fest»**

- *Etterpå er kiosken open*

23.30 Kveldsbøn

00.30 Sport, spel og prat – eller soving...

Det skal vera stille i sovefløyen. Dei som ikkje vil sova, kan vera i gymsalen eller peisestova.

01.30 Alle skal vera på rommet sitt, klare for soving.

SØNDAG 7. SEPTEMBER

08.30 På tide å stå opp!

09.00 Frukost - *Etter frukost: Begynn å rydde romma*

10.30 Gudsteneste

- *Etterpå er det tid for rydding og pakking*

13.00 Middag og avslutning

13.45 Kiosken er open

14.30 Bussen går frå Brandøy

15.00 Ferje frå Utbjoa (til Sydnes 15.35)

15.35 ALLE må bli henta på Sydnes.

Me reknar med at de kan samordne køyring.

MOBILBRUK:

A. Ingen mobilbruk under fellessamvær - då konsentrerer me oss om det som me er samla for.

B. Innsamling av alle mobilar ved leggetid. (Sjå eige info-skriv som forklarar meir om dette.)

FORSIKRING:

Alle deltakarar og leiarar er forsikra gjennom kyrkja sine forsikrings-ordningar.

Utstyr og ting som konfirmantane har med seg må evt vera forsikra gjennom dykkar eigen reiseforsikring eller innboforsikring.

Leiarar:

Jan-Ove Fagerheim, Kjetil Kringlebotten, Carsten Mrusek, Toril Langeland, Kamilla og Gunnar Langeland, Ragnhild Fagerheim, Ingunn Koløy, Kristine Hestad, Thorvald Solheim, Ane Sofie L. og Nathanael Sjø m.fl.

Treng du kontakt med oss i løpet av helga? Ta kontakt på 913 45 042 el. 909 58 898

Betaling:

For overnatting m/ fullpensjon 2 døgn, reis, aktivitetar og opplegg betaler de kr. 1.900,-.

Dette vert betalt **innan tirsdag 26. august**

på giro de får tilsendt i eigen mail. NB! Søskenmoderasjon: Kr. 250,- per person.

NB! Ikkje vær redd for å gi beskjed om de ynskjer delbetaling, eller t.d. utsette 1 mnd, så ordnar me det!

Meld frå til Jan-Ove Fagerheim på 913 45 042 om dette, eller dersom det f.eks er matallergiar eller andre ting me skal ta hensyn til.

Ta med:

Godt humør - Varme klede!!!

Toalettsaker - Treningstøy - Tjukkelabbar/innesko

Sengetøy eller sovepose + laken og putetrekk

Har du med fullt sengesett, får du låne dyne og pute gratis

Alle må ha laken, og dersom du vil låne pute må du ha på putetrekk.

Det er mulig å leige handkle, dynetrekk, putetrekk og laken på Brandøy: Kr. 150,-

Det er og lurt å ta med innesko eller tjukkesokkar.

I møtesal og peisestove skal me nemleg ikkje ha på oss utesko.



Me vil ha eit
røyk- og snusfritt miljø
denne helga!

Ta ikkje med
Red Bull, Monster
eller annan energi-drikk!

NB! Dersom det vert oppdaga at nokon har med seg alkohol/andre rusmiddel, eller nyttar dette, vert heimen kontakta og konfirmanten sendt heim for eiga rekning!

Dette gjeld både på reisa og på Brandøy!